

Beate Brandtun
Stabburvegen 8
5231 Paradis

Dykkar ref.:

Vår ref.:
23/859 - 2 / ATV

Dato:
01.08.2023

Svar - status kloakkanlegg i Mastrevikane 48a - 48b - 48c

Viser til Dykkar skriv.

Austrheim kommune jobbar no med å oppdatera handlingsprogrammet i kommunen sin plan for vatn og avløp. Framlegget er lagt ut på høyring og skal etter planen vedtakast i kommunestyret i september. I dette framlegger inngår mellom anna eit prosjekt for å pumpa avløp frå Mastrevik til reinseanlegg i Blodvika på Årås-sida.

Per i dag går avløp frå det aktuelle området i røyr direkte ut i Vikaosen. Planen føreslår å leggja om dette slik at røyrret vert kopla på eksisterande anlegg mot Austrheimhallen og vidare til Blodvika på Årås-sida. For å gjera dette krevst bygging av to nye pumpestasjonar, der stasjonen på Årås-sida må byggast først. Ved bygging av pumpestasjon på Mastrevik-sida vil problema de omtalar forsvinna.

Tidlegaste oppstart for prosjektet vil vera i 2024. Alle investeringar innan vatn og avløp er som de kanskje veit finansiert av innbyggjarane sine gebyr gjennom såkalla sjølvkost. Eg gjer difor merksam på at politisk vedtak av gebyrsats er avgjerande for kor rask framdrift kommunen kan halda på investeringar.

Med helsing

Atle Vaage
leiar teknisk drift

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur



Mottakere:

Beate Brandtun	Stabburvegen 8	5231	Paradis
Hans Martin Brandtun	Kråkenesdalen 39	5153	Bønes
Nina Brandtun	Bøneslien 93	5155	Bønes
Tor Theodorsen			